

Damene opna med 4-0

23.08.2011



Damelaget fekk ein god sesongstart, herer dei fotografert av Kvinnheringen.

Rosendalsdamene opna fotballsesongen bra, med 4-0 over Austevoll/Selbjørn på bortebane. Frå Uskedalen var Anette Sandnes, Gøril S. Eik og Reidun Musland med, og Anette scora eitt mål.

Sundag spelar dei toppkamp mot Fyllingen 1.
Det blir ein større jobb sjølv om det verkar som laget er godt budd på sesongen.

I den første kampen hadde dei stort sett overtaket, særleg i andre omgangen. Då fekk dei ikkje uttelling på alle sjansane og var litt prega av at dette var den første kampen.